

# ÅRSMELDING FOR BUL MOLDE 2012

(Frå 1.11.11 til 31.10.12)

## **STYRET:**

Styret er samansett av arbeidsutvalet og ein medlem frå hyttenemnda.

**Arbeidsutvalet:** Leiar: Lars Staurset  
Kirsten Aure  
Bente Myklebust  
Randi Irene Sylta  
Vara: Marte S. Trondsen

Arbeidsutvalets mandat har vore å halde i gang leikøvingane på Reknes Ungdomshus.

**Styremedlem:** Sylvfest Bell frå hyttenemnda

**Revisorar:** Arild Jacobsen og Bente Dyrnes Aarø

**- personlege varamedl:** Frøydis Austigard og Atle Bell

**Rekneskapsførar:** Arild Horrstad

**Valnemnd:** Randi Reppe Bell og Anne Karin Heggem

**Instruktør i 2012:** Irene Møllersen Bell

**Organisasjonsnummer:** 993 469 467

**Medlemstal:** Pr 31.10.12 hadde BUL Molde 39 medlemmar og 3 gjestemedlemmar.

**Møte:** 1 årsmøte: 30.11.11.  
3 styremøte: 11.1.2012, 14.3.12 og 15.10.12  
3 møter i arbeidsutvalet: 23.1.12, 13.2.12, 7.3.12 og  
1 møte pr. mail 23.11.11.

## **Aktivitetar dette året:**

### **Leikøvingar haust 2011:**

Det var 5 øvingar i november/desember 2011.

9.11. gjesta dansarane Romsdal Spelmannslag på Stabburet, 16.11. inviterte BUL andre lag og rekkjer sto på programmet. Den 7.12. vart det arrangert juleavslutning med levande musikk.

Til tonar frå Britt Elise Skram kunne 16 dansarar svinge seg den kvelden.

### **Juledans:**

Anna Gjendem i BUL tok initiativ til å arrangere juledans 29. desember. Fleire unge spelemenn og dansarar var heime på juleferie og gjorde sitt til ein fartsfylt kveld, saman med andre BUL-medlemer på Reknes.

### **Leikøvingar vår 2012:**

Det var heile 15 leikøvingar i våren 2012.

Det var stabbursdans med Romsdal Spelemannslag den 29.2. og besøk frå andre lag den 14.3.

Fellesøving var det òg den 10.4. då BUL gjesta Rauma Leikarring i Isfjorden. Der varta Rauma Spelmannslag opp med drivande god musikk.

Den 2.5. var det sesongavslutning med Nordlek-program.

### **Dansehelg på BUL-hytta:**

BUL arrangerte dansehelg på hytta 24. – 25. mars.

19 dansarar deltok og av dei overnatta 10 på hytta. Hovudtema for helga var ”dansar til Nordlek”, men det vart òg tid til meir dans, hyggelege måltid og sosialt samvær med spel og quiz.

### **Nordlek i Steinkjer 2012:**

Veka 10.-15. juli møttest ca. 2000 dansarar frå heile Norden til Nordlek på Steinkjer. Frå Rauma, BUL og Sylte/Malme deltok 20 dansarar. Dei fleste overnatta på Steinkjersannan.

Saman med ei gruppe frå Lyngstad, vart det ein stor kontingent frå vår region.

Programmet på Nordlek var sjølvstyrede prega av pols i ulike variantar, men det var òg konsertar og ball, framsyningar og buskspel, turar og utstillingar, bunadtog og andre stemneaktivitetar.

### **Leikøvingar haust 2012:**

Det vart arrangert 9 leikøvingar i perioden august – oktober.

17.10. inviterte BUL gjester frå dei andre laga. 30 frammøtte gav lange rekkjer.

Frammøtet på vanlege leikøvingar i meldingsåret har vore 8 – 14 dansarar. På øvingar med gjester har talet vore oppe i 30. Øvingstida er frå kl. 19.30 til kl 22.00. Styret har bestemt at alle skal betale 20 kr i ”kaffipengar”. Øvingane er prega av høgt aktivitetsnivå og god stemning. Vi ønskjer fleire menn, men damene er flinke til å gå inn og ut av ymse roller.

### **Filmen frå NU-stemnet i 1980:**

BUL har hatt tilgang til eit eksemplar av filmen, som er ein 8 mm smalofilm. BUL fekk i januar 2012 kopiert filmen over på DVD. Det vart laga 30 eksemplar for sal à kr 200. Av dette opplaget er det no 14 att.

### **Andre aktivitetar:**

- Sal av Jul i Romsdal hausten 2011. 30 stk.
- Bygdaliv: Nettsida har blitt oppdatert i etterkant av dei fleste leikøvingane og gir eit godt bilete av aktivitetane både i og utanom laget. E-post vert sendt til ca. 80 personar før semesterstart, årsmøte og andre viktige hendingar.

### **Utendingar / deltakarar frå BUL på andre arrangement:**

- Laurdag 28.1. inviterte Stordal ungdomslag til triveleg leikfest. 6 dansarar frå BUL og 10 frå Rauma leikarring deltok.
- Årsmøte i Romsdal Ungdomssamlag 10.3. og 29.3.
- 4.- 6.5. Rørosleken. 20 dansarar frå BUL/SMUL og Rauma leikarring.
- Lyngstad leikarring hadde framsyning på Steinfestivalen i Eide 23.6. med forsterkingar frå Rauma (1 dansar) og BUL (5dansarar).
- 4 BUL-medlemmer og 2 frå Rauma deltok på Musik vid Siljan 1.-8.7.
- 15.9. arrangerte Rauma Leikarring leikfest. Laget fylte 50 år og 70 gjester deltok. Frå BUL deltok 7 medlemmer.
- 5. – 7. oktober vart det arrangert VM i pols i Vauldalen. 11 dansarar frå BUL, SMUL og Rauma dansa pols, og eit par deltok i tevlinga.

### **BUL-medlemmer i råd og nemnder:**

- Anna Gjendem er medlem i Folkedansrådet i Noregs Ungdomslag
- Anne Lise Farstad er medlem i Bunadrådet i Noregs Ungdomslag

### **Sal av fast eigedom:**

Fylket v/ Statens vegvesen ønskte å kjøpe 107 m<sup>2</sup> udyrka mark på nordsida av FV 64. Prisen var kr. 321, avrunda til minstebeløp kr. 500. Etter forhandlingar fekk BUL denne setninga inn i kontrakten: «Stien som er opparbeidet på tomten blir ikke påvirket/endret i forbindelse med det aktuelle grunnervervet.»

Styret vurderte det slik at denne grunnavståinga ikkje var eit «større økonomisk spørsmål», jf § 7 i Lov for Bondeungdomslaget i Molde, og dermed kunne vedtakast utan å halde årsmøte.

### **Samarbeid med andre lag**

Samarbeidet med dei andre laga i regionen er godt. Når ein skal talfeste kor mange som deltek frå dei ulike laga er dette eit triveleg problem, då fleire er medlemmer av både to og tre lag. Eit par gonger i halvåret er invitasjonane meir formelle. På desse øvingane er programmet ofte rekkjedansar. Stemninga er høg når salen i Reknes ungdomshus vert for kort til rekkjene.

Laga reiser ofte på tur saman. I 2012 samarbeidde laga om Rørosleken, Nordlek i Steinkjer, Musik vid Siljan og VM i Vauldalen.

Arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane tilsvarar 120 dagsverk.

Arbeidsutvalet rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som vert lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar.

Lars Staurset

Bente Myklebust

Randi Irene Sylta

Kirsten Aure